

Siste:

Kulturråds-ja til barneteater

Norsk kulturråd har i møte 19/9 gitt BUL 150 000 kr til eit forprosjekt for etablering av eit fleirkulturelt barne- og ungdomsteater, som vi samarbeider med NU og Det norske teatret om. Dette er eit viktig tilskot til ei satsing som på sikt kan gi fleire hundre barn og unge eit nytt tilbod.

Årsfest - BUL 108 år:

Kva pønskar Spellaget på?

Laurdag 13. oktober kl. 18 samlast vi til bursdagslag i Teatersalen. Det er Spellaget som har ansvar for den tradisjonsrike årsfesten. Det treng ikkje tyde at vi gjer som vi alltid har gjort: denne festen har du ikkje vore på før!

Kyrkjemåljubileum



Søndag 16. september

var det på ein dag nær 100 år sidan den fyrste gudstenesta på landsmål i Slottskapellet. BUL fekk i stand ordninga. No ved jubileet song Songlaget i BUL i kapellet, Berge Furre preika og studentprestane hadde liturgien. BUL var vertskap for ein kulturrik kyrkjekaffi med meir

Ryktet seier at SPL har spadd opp både visegruppa "Livets landevei" med Prøyssenprogram, og musikantane "Bamsegutta" som spelar glad allværsdansemusikk. Og det er plass til stunt: den som har eit lite kvad, ein rapp, ein joik eller eit stev om laget, får fri bane.

God varmmat - betasuppe - og diger bursdagskake høyrer med. Billettar i døra, kr. 150/200 - og du får mykje for pengane denne glade laurdagskvelden!

Håkon Høgemo og Karl Seglem i LR

Leikarringen starta haustsesongen med øvingar retta inn mot vestlandsdans, og i staden for dei tradisjonelle lags-samdansane opnar dei seg utetter for alle tradisjonsfans i byen og skipar til danskveldar ein gong i månaden med kjende musikarar. Dermed blei det ville og galne vestlandsspringarar og rull med Håkon Høgemo og Karl Seglem 18. september. Eit verkeleg kupp! Masse folk frå heile bygdedansmiljøet og god stemning.

Frametter blir det opplæring i Finnskogpols, og ny danskveld 16/10.

salmesong, Songlaget i aksjon att og litt av historikken til nynorsk kyrkjemål ved Alv Reidar Dale. Nestleiar Sveinung Helgheim helsa frå og fortalde om Bondeungdsomslaget. Og kaka som laget spanderte, var til å eta opp.

(A.R. Dale, foto: Martin Toft ©)

[Leiarsteigen]

Vi privilegerte

Det er fleire måtar å lesa tekstar på.

Da rapporten "BUL inn i ei ny tid" låg føre på nyåret, var vi mange som kasta oss over den og skumma gjennom for å sjå om alt "stemte", om universet vårt var skildra slik vi kjenner det. Og det var det jo. Ingen har peika på substansielle feil. Nokre var visst litt vonbrotne. Og så vart heftet lagt vekk.

Men neste gong du les, vil du truleg finna litt meir. Forfattaren har lagt inn fleire prinsipielle problemstillingar som gir mat for tanken:

Når det t.d. blir peika på at det er økonomien som held laget saman - kva tyder det? Er det slik at særлага held seg i laget med aktivitetane sine rett og slett fordi det gir dei økonomisk tryggleik i botnen? Vil dei gå ut eller i oppløysing om Bøndernes Hus skulle gå konk? Er det dei materielle tilhøva som er avgjerande for korleis BUL ser ut i dag, eller er det ideologi?

Etter møtet med andre kulturhus i byen som driv med fornuftige ting, har vi iallfall sett at der det finst idealistar som har noko på hjartet, vil dei slåst for livet for å halda det gåande på knappar og glansbilete. Visjonane går framom pengevanskane.

Vi treng ikkje det. Pengane kjem. Det er grunn til å minna om kor utruleg privilegerte vi er. Det burde jo gi oss dei best tenkjelege vilkåra for å satse dristig i aktivitetane våre, og vise minst like stort mot på nyskaping som dei som må stå med lua i handa framfor kommune, øl- og eigedomsbaronar.

Wenche Blomberg



Bjeff:

BLS - eller alt på ein stad?

Eg har fått ei oppmoding frå valnemnda i BLS. Dei er på jakt etter kandidatar til alle mogelege verv. Ære vere valnemnda for det. Det er utakknemleg arbeid.

Eg ser at folkedansnemnda har nok folk, men nesten ingen vil arbeide med huset og økonomien. Det forstår eg godt. Det første er ei fritidsinteresse, det andre ein jobb. Eg trur ikkje det kjem nokon ny vår for tillitsvalde heller.

Så istaden for seigpining så bør BLS leggest ned og huset i Nordahl Bruns gt 22 seljast. Bruk pengane til å bygge ein etasje eller to med salar og suiter oppå Bondeheimen. Og med ein oppussa Teatersal får vi nok salar til dans og spel for alle lokallag - og glade tillitsvalde.

Helsing frå København
Terje Svindseth

Ære vere arbeidsmauren

Kor flinke er vi egentleg til å rose ein god innsats? Vi er vel ikkje så mykje likare enn andre - kritikk sit ofte lausast. Eller vi teier.

Dei gode hjelparane, humørspreiarane og idémarkarane er ikkje alltid dei som synest mest. Det må vi retta på!

I år vil vi nytta høvet når vi samlast til Julegrauten til å dela ut nokre muntre små prisar til Årets arbeidsmaur og andre ting vi finn på. Har du ein idé til pristype og/eller kandidat, så nemn det for særlagsstyret ditt, før midten av november. Nytt hausten til å sjå deg i kring.

Dette er også ein grunn til å reservera 12/12.!

R8-nytt

I løpet av hausten 07 skal R8-prosjektet gi årsmøtet i BUL 2008 grunnlag for å vedta

-kva for aktivitetar R8 (teatersalen i Rosenkranz gate) skal fyllast med i framtida

-om ein skal setje i gang ombygging av salen

-budsjett for ei eventuell ombygging og drift

Styringsgruppa til R8-prosjektet hadde sitt første møte 23.8.07 og vedtok ein *framdriftsplan* for prosjektet.

Terje Svindseth er valt til leiar av styringsgruppa, som legg opp til 3-4 møte i haust. Sjå og BUL-stikka nr. 2 og 3 for info om styringsgruppa og prosjektet. Neste møte er 27. september. Her skal det drøftast kva slag aktivitetar som er aktuelle for teatersalen i framtida.

liv.hege.skagestad@bul.no

NU-medlemskort

Treng du NU-medlemskortet, kan du vende deg til lagskontoret og få det sendt til deg. Eller stikke innom og hente sjølv.

God IL-sesong!

Idrottslaget – friidrett

Friidrettsgruppa har hatt ein fin sesong. Gode trenarar og oppmenn er med på å skape eit godt treningsmiljø og ikkje minst ei god sosial ramme. BUL er laget med det gode miljøet!

August NM-tid – BUL har vore gjennom tre gode norske meisterskap

Junior-NM i Tønsberg 3. – 5. august: 4 gull, 1 sølv og 4 bronse

NM i Askim 10. – 12. august: 4 gull, 1 sølv og 3 bronse.

UM i Kristiansand 24. – 26. august: 3 gull og 5 bronse.

EUROPAMEISTER FOR JUNIOR

Ezinne Okparaebo tok Noregs fyrste jr EM-gull nokon sinne då ho vann 100 meter under EM i Nederland.

NORSKE SENIORREKORDAR

Jaysuma Saidy Ndure (Jays) 100 m; 10.07 sek. DN-Galan 7/8

Cathrine Larsåsen, stav 4.21 m, jr NM 11/8

KONGEPOKAL

Jays tok BUL sin fyrste Kongepokal sidan 1986 (Ingrid Kristiansen).

DOPINGSAK

Under eit stemne i Luzern i juni testa Jays positivt på cannabis. I august vart han dømd av det internasjonale friidrettsforbundet IAAF til ei offentlig åtvaring (public warning). Dette vart ei stor og belastande mediasak. Jays har hevda at han ikkje har teke Cannabis med vilje og vitande. Ein har etter kvart funne plausible forklaringar på dette.

Cannabis er ikkje prestasjonsfremmande i sprint, men Idrottslaget har heile tida kommunisert nulltoleranse når det gjeld doping og rusmiddel. Sidan Idrottslaget har mange barn- og ungdomsutøvarar, er det sær viktig at alle i laget kommuniserer dei rette haldningane i forhold til denne nulltoleransen.

Idrottslaget behandlar no denne saka vidare.

Rune Stenersen
Sportsleg leiar

Gode resultat i NCC-leikane for 13- og 14-åringane

BUL hadde over halvparten av deltakarane på Oslo sitt kretsaget under NCC-leikane 8-9. september, som alle prikk inn toppforma.

Alle persa i ein eller fleire øvingar og plukka viktige poeng for kretsaget, også i uvante øvingar som hekk, diskos og stav.

Den mest overraskande medaljen stod Daniel Lund for. Veka før byrja 14-åringen i BUL og etter ei trening vart det bronse i kule og femteplass i lengde!

Phylis Boateng-Gyamfi vann tresteg og vart nummer to i hekk og lengde, medan det vart bronse på 60m. Tora Spangen Normann vart nummer to i høgde med 1.52.



Åtte parti møtte for å svara på korleis dei stilte seg til dei mange problema dei ikkje-kommersielle scenane og kulturhusa strir med. Frå v. Erling Fossen (Oslo byaksjon), Lars Rottem Krangnes (SP), Ingrid Baltzer-sen (RV), Fredrik Mellem (A), Hilde Maisey (SV). I midten ordstyrar Kleiv Fiskvik, LO i Oslo. Vidare mot høgre Øyvind Såvedt (H), Ronny Fagereng (V) og Mona Høvset (KrF). FrP møtte ikkje.

29. august var det duka for valmøte som Hausmania, Grünerløkka lufthavn og LO i Oslo hadde gått saman med BUL om. Trafo og M/S Innvik meldte seg og inn i flokken. BUL fekk synt fram huset for politikarar og andre som aldri hadde vore der før, og knytta samstundes verdfulle kontaktar med andre innafor den friviljuge sektoren.

Ny dagleg leiar i IL:

Eg har fått den store glede å overta som ny dagleg leiar i IL i BUL frå 1. september. I åra 1988-1999 var eg sjølv medlem av Idrottslaget og aktiv mellomdistanseløpar. Eg har også vore trenar eit par år i BUL og for andre klubbar. BUL har alltid vore ein flott klubb å vere i, og eg ynskjer sjølv sagt at han skal bli enda betre! Eg har blant anna jobba som norsklærer ved Wang toppidrettsgymnas dei siste sju åra, men siste året har eg arbeidd i Noregs Friidrettsforbund. Eg håper at dette har gitt meg den erfaringa som trengst for å skape gode resultat og eit stort og mangfaldig miljø i IL i BUL.

Hege Flaten Pedersen

Bislett Summer Games 11-12. august

Fleire lag stilte enn nokon gong på det svært vellukka friidrettsarrangementet som BUL og BVT-gruppa skipar til. Det var sjølv sagt stor stas at prinsesse Martha Louise stod for opninga. To dagar med masse gøy og spanande tevlingar. Og det regna nesten ikkje ein droppe.

Publikum utgjorde omlag 30 sjeler denne kvelden, da vi tevla med om lag 400 andre tilskippingar i byen. Kulturhusa hadde førebudd nokre problemstillingar som partia skulle halda seg til, som korleis den friviljuge sektoren blir prioritert, om kulturiltaka er mest stønadsverdige dersom næringslivet tener på dei, og kor mykje øl idealistane skal vere tvungne til å selja for å få det til å gå rundt, når eigedomsbaronane set opp husleiga så mykje dei vil. Og kva ville dei gjere med dei kommersielle plakativpiratane som okkuperer kvar lovlege offentlege oppslagstavle i byen og jagar dei små?

Jamnt over var det vel mykje godvilje og smiger, og mindre konkrete lovnader. Dei skulle sjå på det. Det var eit høffleg og tabloidfritt møte, og ordstyraren oppsummerte det som konstruktivt. Uansett veit i allfall desse partirepresentantane nå litt meir om kor skoen trykker i den ikkje-kommersielle sektoren, og nokre BUL-folk fekk kunnskap om andre kulturaktivitetar i byen som dei knapt hadde høyrte om. Etter barneteater-innspel frå Trafo-Ragnhild fekk også Liv Hege Skagestad kasta seg fram på med ei orientering om planane våre på dette feltet. Den satt. Nå har dei høyrte om det også.

Ingen bortkasta kveld. Vi har skaffa oss nokre gode kontaktar på fleire kantar som vi seinare kan ta nye initiativ i lag med. BUL blei ørlite grann meir synleg for dei, og dei for oss. Det var meininga.

(Wenche Blomberg/foto: Sigbjørn Hjelmbrekke)

Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16

Sentralbord tlf. 2321 4160

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 2321 4163
lagskontor@bul.no, kari.boyum@bul.noOddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar
tlf. 2321 4162
oddfriid.bjoerndal@bul.noHege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget
tlf. 23 21 4168
idrottslaget@bul.no, hege.pedersen@bul.noOlav Aaboen, arrangement Idrottslaget
tlf. 2321 4168Liv Hege Skagestad, prosjektleiar R8
tlf. 2321 4164
liv.hege.skagestad@bul.no

Lagsstyret

Leiar: Wenche Blomberg, tlf. 2237 3810
wenche.blomberg@jus.uio.no
Revisjonsnemnda, BUL-stikkaNestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 2271 7205/ 9365 2209
svh@kd.dep.no
Økonomi, Målnemnda

Styremedlemmer:

Vigdis Rønning, tlf. 2269 6345/ 9010 3592
vr@hod.dep.no
R-8, BLS, ILSigbjørn Hjelmbrække, tlf. 9506 8557
hjelmbrække@gmail.comNM, NU, Røkleiva, BUL-stikka
Ruth Amdahl, tlf. 6754 3612
rutamdah@online.noLR, BL, Bunadnemnda
(for Anders Grønvik Jahnsen, i permisjon)

Varamedlemmer:

Trond Reitan, tlf. 9014 4244
treitan@online.noSOL, Revisjonsnemnda
Håvard Tangen, tlf. 9342 4325
h.tangen@c2i.net

Kalenderen

Oktober:

13. 10 Årsfest i Teatersalen
16. 10 Dansekveld med Vegar Vårdal og
Patrik Andersson
17. 10 Styremøte kl. 17.00
31. 10 Styremøte kl. 17.00
Rådsmøte kl. 18.00

November:

17. 11 Leikfest med Østerdølene
21. 11 Styremøte kl. 17.00
24. 11 Jolemarknad i Teatersalen
28. 11 Rådsmøte kl. 18.00

Desember:

1. 12 Julestemne IL, Ekeberghallen
2. 12 Julekonsertar i Vestre Aker kyrkje, Songlaget
1.–2. 12 Bulsprinten, FIS langrenn, Gåå
12. 12 Styremøte kl. 17.00
Julegraut for alle i Teatersalen!

Songlaget held jolemarknad

laurdag 24.november i Teatersalen. Det vil vera sal av mykje flotte heimelaga saker og dessutan bakst av ymse slag. Koristane har i haust strikka, sydd, sylta, og laga kort og dekorasjonar og mykje anna flotte produkter for sal. Kaffi og kaker m.m.!

Revisjonsnemnda er i full gang,

og no også med fullt mannskap: Dette er Leif Bjerke, Rune Stenersen, Johanne Jeremiassen og Kari Bjørke. Ta gjerne kontakt viss du har synspunkt på eitt eller hitt. Nemnda vil også ta kontakt med nokon av dykk etter kvart. Utpå hausten vil det truleg også bli eit lagsmøte for å drøfta ymse spørsmål.

Særlagskontakter

Barnelaget: Roy Sævik, tlf. 982 44 884
roy@okonomiforvaltning.noIdrottslaget: Anne Farseth, tlf. 928 41 205
anne.farseth@nae.oslo.kommune.noLeikarringen: Kristin Riiser Dankel, tlf. 970 64 430
kristindankel@hotmail.comSonglaget: Kari Rysst Paulsen, tlf. 900 83 832
krysst@online.noSpellaget: Henning Værnes, tlf. 957 22 989
henvae@hotmail.com